



Terje Sigurd Eknes  
Burumveien 6  
1430 ÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3733 - 19/5954

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
22.02.2019

## Førebels svar og trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 239/6 Eknes ytre

Tiltak: ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 239/6  
Tiltakshavar: Terje Sigurd Eknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.12.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gbnr 239/6 har 3 heimelshavarar. Det går ikkje fram av søknad at dei 2 øvrige heimelshavarane samtykker til tiltaket. Kommunen ber om at det innhentast samtykke frå desse for frådelling av eigedom. Det må også gå fram kven som skal være ny(e) heimelshavar for den frådelt eigedommen.
2. Det må søkast om dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 for byggegrense mot sjø. Reguleringsplanen manglar byggegrense mot sjø og det må difor søkast om dispensasjon.
3. Det må sendast inn informasjon om korleis parkering i tilknytning til ny nausteigedom skal løysast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Terje Sigurd Eknes

Burumveien 6

1430

ÅS